



Verneområdestyret Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane
pb. 788 Stoa
4809 ARENDAL

Kontakt saksbehandlar
Bjørn Mo, 51568909

Uttale til dispensasjon frå verneforskriften - landskapsvernområder - Kvanndalen - Holmavassåno - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane - bygging og drift av Kvanndal 2 pumpekraftverk

Me syner til brev frå Verneområdestyret Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane ved Alf Odden, dagsett 30.04.2024, der dykk ber om innspel til dispensasjonssøknad frå verneforskrifta.

Bakgrunn

Verneområdestyret for SVR har mottatt ein dispensasjonssøknad frå Lyse Kraft for vidare kraftutbygging i verna område. Utbygginga omfattar blant anna Suldal kommune i Rogaland. Verneområdestyret legg opp til å handsame dispensasjonssøknaden i styremøte 23. oktober 2024, og er interessert i alle opplysningar som kan hjelpe sakshandsaminga.

Vår vurdering

I oversendinga frå Lyse er det særleg to moment som Statsforvaltaren i Rogaland ser på som viktige i saka:

- «Lyse Kraft mener konsekvensene for Holmavassåno biotopvernområde ved realisering av Kvanndal 2 pumpekraftverk samlet sett har positiv konsekvens for formålet med biotopvernet. Prosjektet er planlagt slik at det ikke lenger vil være vintertapping mellom Holmavatn og Sandvatn noe som i dag er en hovedutfordring for trekket gjennom Holmavassåno biotopvernområde i dag.»
- «Det forventes derfor perioder med mer oppsprukken is og overvann langs land enn i dagens situasjon. Dette vil ifølge fagrapporten kunne bidra til å redusere villreinens muligheter for å trekke over isen på Holmavatnet vinterstid.»

Villrein

Statsforvaltaren påpeiker at Verneområdestyret må vurdere dispensasjonssøknaden heilskapleg. Tiltaket vil særleg kunne påverke villreinbestanden i området, ein bestand som i 2021 blei klassifisert til dårleg kvalitet etter kvalitetsnorma. I dette område vandrar villrein både i og utanfor verneområde. Vi er samd med Lyse i at føreslått endring i Tverråna og Holmavassåno vil bety ein



lokal forbedring for villrein vinterstid i sjølve verneområdet. Samstundes er vernegrenser kunstige skilje, og i Holmavatnet går vernegrensa på fylkesgrensa.

Holmavatnet utgjør eit stort areal, og det er særskild viktig at villreinen sin områdebruk av Holmavatnet er godt kjend før ein fattar vedtak i denne saka. Statsforvaltaren er kjend med at villreinen vandrar over Holmavatnet, særleg på midten der dei og beitar på holmane i det dei kryssar i ein aust-vestleg retning.

Holmavassåno er eit vandringshinder vinterstid i dag. Tiltaket gir ein betring i dette området, men kan samstundes føre til at Holmavatnet blir eit viktig vandringshinder, noko som potensielt vil kunne vere eit mykje større og meir betydeleg vandringshinder. Lyse Kraft sin vurdering er at tiltaket samla sett er ei forbedring for høve for trekk på vestsida av Holmavatn. Statsforvaltaren påpeiker at ein ikkje berre må sjå på tiltaket innanfor biotopvernområdet, men kva konsekvensane er for villreinen samla sett, både i og utanfor verneområdet.

Statsforvaltaren vurderer og at fagrapporten for villrein, utarbeid av Norconsult, har svakheiter når det kjem til å beskrive og vurdere konsekvensar eit pumpekraftverk vil ha på vandrainga for villrein over Holmavatnet. Som rapporten skriv «*tilsier eksisterende kunnskap at pumpekraftverk vil medføre betydelig forverrede isforhold i forhold til dagens situasjon, og dermed ytterligere redusere villreinens muligheter for å trekke over isen på Holmavatnet vinterstid.*» Ein må her vurdere fordelar opp mot ulemper. Det er for Statsforvaltaren uklart om tiltaket totalt sett fører til ein betring eller forverring for villrein, men etter vår vurdering framstår det slik saka står som mest sannsynleg at det vil vere ein forverring samla sett pga. konsekvensane ved reguleringa av Holmavatnet. Verneområdestyret må ha klart føre seg konsekvensane for villrein når ein skal fatta vedtak. Om konsekvensane er uklare, særleg når det kjem til konsekvensar av pumpekraftverk til Holmavatnet, rår me til at ein innhentar eit betre kunnskapsgrunnlag, jf. òg føre-var-prinsippet i § 9 første ledd første setning i naturmangfaldlova.

Verneforskrift

Dispensasjonssøknaden må og vurderast opp mot verneforskrift og kva rom den gir.

Føremålet med Holmavassåno biotopvernområde er «*å sikre viktige trekkvegar for villreinen i fjellområdet mellom Kvanndalen landskapsvernområde og Dyrhaio landskapsvernområde.*»

Statsforvaltaren kan ikkje sjå at verneforskrifta opnar for tiltaket, og me vurderer at det må vurderast etter naturmangfaldlova § 48 (dispensasjon frå vernevedtak). I denne paragrafen står det mellom anna:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Tiltaket vil kunne føre til at Holmavatnet blir eit betydeleg vandringshinder for villrein. Ettersom halve vatnet ligger i verneområdet vil tiltaket kunne stride mot føremålet til vernet, og oppfyller då ikkje vilkåret om at det «*ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig*», jf. § 48 i naturmangfaldlova.

Holmavatnet ligger i verneområdet, og tiltaket vil føre til at villreinens høve for å trekke på isen over på Holmavatnet vart redusert. Etter Statsforvaltaren sitt syn er det stor fare for at tiltaket strider mot vernevedtakets føremål. Dette må forvaltningsmyndigheta vurdere. Ein må då vurdere om «*vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig*», jf. § 48 i naturmangfaldlova. Statsforvaltaren



påpeiker at det òg ligg betydelege samfunnsinteresser i å ta vare på villreinen, og det leggjast ned betydelege ressursar og innsats på å betre forholda for villrein.

Med helsing

Tage A.T. Eriksen (e.f.)
fagleder natur

Bjørn Mo
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent